



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
28. 05. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr.
Sakstr.	Tilgangskode

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2013/036822-004

Dykkar referanse:  
14/1767 - 14/12414

Vår dato:  
26.05.2014

### Kunngjering av 1. gangs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Haghaugen, felt B - gnr. 134 bnr. 466 m. fl. - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 23.05.14 med framlegg til reguleringsplan for Haghaugen, felt B, gnr. 134, bnr. 466 m. fl. på Hilland i Lindås kommune.

Hovudformålet med reguleringsplanen er å etablere bustadblokker med totalt 63 bueiningar. Vegtilkomst til området er gjennom reguleringsplan for Haghaugen (plan-ID 1263-06012006), vedteken 28.10.10.

Statens vegvesen gav i brev av 19.04.13 uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for endring av vedteken plan. I brevet kravde vi at det måtte innarbeidast eit rekkjefølgjevilkår om at rundkøyringa, som er kryss mellom Hillandsvegen og fylkesveg 565, måtte vere bygd og teken i bruk før planområdet Haghaugen kunne byggast ut.

Det er no innarbeidd eit rekkjefølgjevilkår i § 2.3.1 der det er sett krav om at det ikkje kan gjevast bruksløyve før rundkøyringa er ferdig utbygd. Vi er tilfreds med dette kravet sjølv om det ikkje er heilt i samsvar med vår formulering i brevet av 19.04.13.

Ut over dette vil vi peike på det for eigedomen Gangstøvegen 40 er vist tilkomst med pilsymbol ved sidan av etablert f KV3. etter vår vurdering må f KV3 og tilkomsten frå Gangstøvegen 40 samordnast i ei felles avkøyring til Gangstøvegen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52